



Arkivnr: 2018/16208-1

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.11.2018

## Rekneskapsrapport pr. oktober 2018

### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga pr. oktober 2018. Årsprognosen byggjer på mange av dei same vurderingane som tertialrapporten pr. august 2018, men ein del moment er justert sidan førre rapportering. Det gjer at årsprognosen er endra frå eit negativt budsjettavvik på 34 mill. kr til balanse ved årets slutt.

Opplæringssektoren og samferdselsektoren, som står for om lag 4/5- delar av det totale driftsbudsjettet til HFK, melder høvesvis balanse og -19 mill. kr som årsprognose. Som grunnlag for samferdsel sin prognose ligg ein positiv prognose på 20 mill. kr for Skyss og ein negativ prognose på 39 mill. kr på vegvedlikehaldet. Dette inneber ei betring på Skyss i høve til årsprognosen pr. 2. tertial som var balanse i 2018.

Alle sektorane og avdelingane har ein samla negativ prognose på 15 mill. kr. Den delen av årsprognosen som gjeld tilhøve utanom sjølve drifta har ein positiv årsprognose på 15 mill. kr.

Eit moment som vil påverke resultatet til HFK utover resultatata på dei ulike budsjettområda, er at HFK hausten 2018 vil få overført 57 mill. kr frå Havbruksfondet som Stortinget har oppretta. Desse midlane går inn i resultatet til HFK for 2018 og er planlagt disponert i 2019.

Fylkesrådmannen er nøgd med at det i hovudsak er god kontroll på dei aller fleste budsjettområda, og at totalprognosen har hatt ein god trend sidan førre rapportering. Det vert lagt opp til stram økonomistyring også dei siste månadane av 2018, slik at årsresultatet skal kunne verta enda betre enn tala pr. oktober skulle tilseia. Det vert krevjande å finne løysingar i høve til dei økonomiske utfordringane ein står overfor dei komande åra. I fyrste rekkje dreier det seg om ei allereie tyngande lånegjeld, i tillegg til ein auke i driftskostnadane. Det er lite sannsynleg at HFK får rekneskapsunderskot i 2018; mellom anna grunna avsette driftsmidlar til investering.

**Økonomi:** Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2018 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
konst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

**Fylkesrådmannen, 12.11.2018**

Gjeldande rapporteringsrutinar inneber at ein i tillegg til tertialrapportering legg fram ei forenkla rapportering for HFK sin driftsøkonomi til fylkesutvalet. Dette pr. månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. oktober 2018.

Nokre moment er justert sidan førre rapportering for 2 månadar sidan, og det gjer at prognosen er endra frå eit negativt budsjettavvik på 34 mill. kr til balanse ved slutten av året. Det som har flytta prognosen i rett retning er at Skyss har betra prognose med 20 mill. kr, at skatteprognosen er 10 mill. kr betre og at innsparinga når det gjeld renter vert 5 mill. kr større enn det ein rapporterte etter 2. tertial.

Nedanfor er ei oppstilling som syner at årsprognosane til sektorane og avdelingane samla har ein negativ prognose på 15 mill. kr. For tilhøve utanom sjølve drifta; skatt, kraft, renter, pensjon og lønsauke er årsprognosen 15 millionar i budsjettoverskot. Den samla prognosen vert såleis balanse.

	mill. kr
<b>Årsprognose HFK 2018</b>	<b>0</b>
<b><u>Avdelingar og sektorar driftsbudsjett; prognose 2018</u></b>	
Samferdsel	-19
Opplæring	0
Tannhelse	0
Regionalavdelinga	0
Kultur og idrett	0
Eigedomsavdelinga	4
Økonomi- og organisasjon	0
Politikk, kontroll & fellesfunksjonar	0
<b><u>Tilhøve utanom drifta; prognose 2018</u></b>	
Skatt og rammetilskot	0
Kraftinntekter	-9
Renter og avdrag	20
Pensjon og lønsavsetjing	4

Fylkesrådmannen vurderer at det i prognosen er knytt mest uvisse til skuleresultata, vegvedlikehaldet og kollektivtrafikkinntektene. Det same er resultatet på skatteområdet som vert påverka både av nivået på skatteinngangen til HFK, og i kva grad HFK har ein skatteinngang som er over eller under gjennomsnittet av alle fylka.

At årsprognosen går i rett retning er positivt. Viktige årsaker er god økonomistyring i mange einingar, tett oppfølging og gjennomføring av kostnadsreducerande tiltak. Det er likevel viktig å poengtere at eit årsresultat i nærleiken av årsprognosen pr. oktober ikkje vil endre den utfordrande økonomiske situasjonen som fylkeskommunen står overfor. I fyrste rekkje dreier det seg om ei allereie tyngande lånegjeld, i tillegg til ein stor auke i driftskostnadane i kommande økonomiplanperiode. Det gjer at det framleis vil vere naudsynt med stramme budsjett og reduksjonar i kostnadane.

HFK vil hausten 2018 få overført 57 mill. kr frå Havbruksfondet som Stortinget har oppretta. Desse midlane vil styrke årsresultatet til HFK, men fylkesrådmannen meiner at desse midlane skal handsamast særskilt. I det ligg det at midlane vert sett på som eingongsmidlar som er planlagt disponert i 2019. Planlagt bruk av midlane er skissert i budsjettframlegget for 2019.

## Status for dei ulike driftsområda

### Samferdsel

For vegvedlikehaldet har regionvegsejefen meldt at det vil verte ei overskriding også i 2018. Det er venta eit budsjettmessig meirforbruk på om lag 39 mill. kr. Denne prognosen vart meldt også ved 2. tertial, og i verste fall kan det negative avviket verte større. Dette meirforbruket skuldast den strenge vinteren; mange snøfallsdagar som har generert mykje brøyting og strøing. Inngåtte kontraktar er basert på erfaringstall frå normalår. I tillegg har det gått stein- og jordras som vil krevje ressursar som ikkje er omfatta av det som ligg inne i driftskontraktane.

Når det gjeld økonomien på kollektivområdet, så er det her ein god trend. Det gjer at prognosen pr. 2. tertial som tilsa balanse på kollektivområdet vert betra. Prognosen er endra til eit positivt budsjettavvik på 20 mill. kr. Inntektene er no om lag på budsjettert nivå; noko som gjev ein god vekst i inntektene, samanlikna med i fjor. Andre positive moment for kollektivområdet er at talet på reisande framleis er aukande og at ein del kontraktskostnader er lågare enn budsjettert. Den økonomiske verknaden av ny sonestruktur er det framleis knytt noko risiko til.

For dei andre delane av budsjettet som ligg på samferdselsavdelinga er det ikkje meldt prognosar som skulle tilseia vesentlege budsjettavvik. Dersom ein summerer prognosane for vegvedlikehaldet, budsjettområda på samferdselsavdelinga og kollektivområdet er sektorprognosen for 2018 eit meirforbruk på 19 mill. kr.

### Opplæring

Årsprognosen pr. 2. tertial for opplæringssektoren var eit resultat lik balanse ved årets slutt. Denne prognosen held ein fast ved pr. oktober. Prognosen for skuleresultata er 11 mill. kr i underskot. For opplæringssektoren utanom skulane vert det meldt ein årsprognose som tilseier overskot på 11 mill. kr. Dette overskotet er grunna i udisponerte midlar på pensjonsområdet. Dersom prognosen slår til vil skulefonda verte redusert frå 42 mill. kr ved inngangen av 2018 til 31 mill. kr ved utgangen av året. Moment med risiko på slutten av året som kan verke inn på årsresultatet er tal på lærlingar, fagprøvar, gjesteelvar og overgang til ny budsjettmodell.

Det er positivt at prognosen på dette store budsjettområdet er balanse, og at prognosen er betre enn på same tid i fjor. Budsjettavvik på opplæringssektoren har tidligare gjeve betydelege utslag for HFK sitt samla resultat.

### Tannhelse

For tannhelse har rapporterte tal for økonomien i 2018 gjeve grunnlag for årsprognosar rundt balanse ved årets slutt. Tannhelse har teke steg i rett retning grunna sterkare økonomifokus og oppseiing av lønnsavtalar (bonus- og provisjonsavtalar).

På klinikknivå ligg dei fleste klinikkane an til å halde budsjettet, medan TkVest/Hordaland framleis er den eininga som har størst økonomiske utfordringar. TkVest Hordaland ligg an til budsjettunderskot også i 2018. Fylkesrådmannen vil på slutten av året ha særskilt merksemd mot pasientinntektene for å makte prognose om balanse. Om ein får svikt i desse inntektene mot slutten av året, kan det verte eit negativt budsjettavvik også i 2018.

På lengre sikt bør det innan tannhelse gjerast ei vurdering av om fordelinga av ressursar mellom dei lovpålagte og betalande gruppene er på rett nivå.

### Regional

Det er framleis god budsjettkontroll i avdelinga. Den største usikkerheita gjeld bruken av midlar mellom anna på områda klimaplanen og regional planlegging. Her kan det kome mindre budsjettavvik, og det same kan det kome på lønsbudsjettet grunna vakansar. Regionalavdelinga rapporterer om prognose i samsvar med budsjettet som det mest sannsynlege resultatet for 2018.

Kultur og idrett

Det er ingen særskilde budsjettavvik på dette området pr. oktober. Det er liten risiko for eit underskot i 2018, men nokre moment kan gjere at avdelinga kan få eit mindre overskot ved årets slutt.

Eigedom

Ved tidligare rapporteringar for 2018 er det meldt eit budsjettmessig positivt avvik for eigedomsavdelinga. Fylkesrådmannen finn ikkje haldepunkt for å endre denne prognosen. Det positive avviket skuldast endra organisering av reinhaldsressursane, lågare forsikringskostnader og mindre vedlikehaldskostnader ved Fylkeshuset. Årsprognosen er eit budsjettoverskot på 4 mill. kr.

Økonomi og organisasjonsavdelinga

Ein reknar med at avdelinga vil halde budsjettet. I dette er det også teke høgde for arbeidet med å fordele innsparingssummen til administrativ effektivisering som fylkestinget vedtok i budsjettet for 2018. Som det vart gjort greie for i rapport etter 2. tertial, så er dette krevjande arbeid, særskilt etter fleire år med kostnadsreduksjonar. Ein tek sikte på å gjennomføre effektiviseringa gjennom endra arbeidsmåtar, naturleg avgang og personalmessige effektiviseringar.

Politisk verksemd, kontrollorgan og fellesfunksjonar

Det er ikkje venta vesentlege avvik frå budsjettet på dette området. Regionreforma medfører noko auka aktivitet. Dette vert dekkja av statsmidlar og over eigne budsjett. Årsprognosen på dette området er balanse.

Skatt og rammetilskot

Utviklinga på dette området tidligare i 2018, og eit nedjustert skatteanslag i revidert nasjonalbudsjett, har gjeve grunnlag for negative årsprognosar. Tala pr. september syner ein skatteinngang fleire titals millionar under budsjettet. Samstundes ligg HFK under gjennomsnittleg skatteinngang i landet, og vert kompensert for dette gjennom inntektsutjamning mellom fylka. Kompensasjonen er pr. september på same nivå som det budsjettmessige underskotet av skatteinngangen. Det gjer at skatteområdet totalt sett er om lag i balanse pr. september.

Med same utvikling vidare ut året vil det verte balanse eller eit positivt budsjettavvik på skattekapitlet. Det gjer at fylkesrådmannen endrar prognosen på skattekapitlet frå 10 mill. kr i negativt budsjettavvik til balanse ved årets slutt.

Kraftinntekter

Etter 1. tertial vart det rapportert om eit negativt budsjettavvik på 12 mill. kr. Kraftprisane har vore høge gjennom sommaren. Dette gjev eit positivt utslag for den delen av kraftvolumet til HFK som vert selt i spotmarknaden. Prognosen pr. 2. tertial vart betra til ein svikt på 9 mill. kr i høve til budsjettet. Fylkesrådmannen har ikkje haldepunkt pr. oktober for å endre på denne prognosen.

Renter og avdrag

Auka rentesats for rentekompensasjonsordningane vil gje meirinntekt på om lag 10 mill. kr. Det er i tillegg venta ei innsparing i høve til renteutgiftene på om lag 6 mill. kr. Renteinntektene vil også verta noko høgare enn det som er lagt til grunn. Totalt for rentekapitlet vil ein då få ei innsparing på om lag 20 mill. kr i høve til det som er budsjettert.

Pensjon og lønsavsetjing

HFK har lagt til grunn at berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse for 2018 i hovudsak skulle halde seg ut året. Det har dei gjort, men ved 2. tertial synta siste prognose over pensjonskostnadane frå KLP at ein låg an til ei innsparing på 4 mill. kr. Pr. oktober er denne prognosen uendra.

Oppsummering

Tabelloversynet under syner rekneskapen pr. oktober 2018. Med rett budsjettperiodisering og jamt forbruk gjennom året, kan rapporten gje ein peikepinn på den økonomiske stoda i dei ulike sektorane. Noko uvisse

er det framleis på fleire område, men årsprognosen er sett til balanse i rekneskapen ved utgangen av året. Dette er betring på 34 mill. kr i høve til årsprognosen pr. 2. tertial; då prognosen var 34 mill. kr. i negativt budsjettavvik.

**Tabell med status pr. 31. oktober 2018 etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)**

	Rekneskap okt. 2018		Forbruk i % av årsbud	Prognose avvik	Prognose aug	Rekneskap okt. 2017
<b>Politisk, kontroll, fylkesrådm.</b>						
Kostnader:	61 002	55 009	110,9 %			55 693
Inntekter:	-35 268	-2 349	1501,7 %			-4 642
<b>Netto</b>	<b>25 733</b>	<b>52 661</b>	<b>48,9 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>51 051</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	252 719	275 803	91,6 %			227 688
Inntekter:	-60 116	-33 625	178,8 %			-57 634
<b>Netto</b>	<b>192 604</b>	<b>242 178</b>	<b>79,5 %</b>	<b>4 000</b>	<b>4 000</b>	<b>170 054</b>
<b>Økonomi- og org.avd.</b>						
Kostnader:	149 130	150 041	99,4 %			132 293
Inntekter:	-16 207	-10 358	156,5 %			-13 866
<b>Netto</b>	<b>132 923</b>	<b>139 683</b>	<b>95,2 %</b>	<b>0</b>	<b>1 000</b>	<b>118 427</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	262 135	257 368	101,9 %			241 789
Inntekter:	-123 786	-172 588	71,7 %			-121 608
<b>Netto</b>	<b>138 350</b>	<b>84 780</b>	<b>163,2 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>120 181</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	2 769 275	2 854 378	97,0 %			2 449 779
Inntekter:	-1 140 314	-1 117 798	102,0 %			-1 036 535
<b>Netto</b>	<b>1 628 960</b>	<b>1 736 580</b>	<b>93,8 %</b>	<b>-19 000</b>	<b>-39 000</b>	<b>1 413 244</b>
<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	328 930	406 130	81,0 %			302 465
Inntekter:	-247 868	-216 316	114,6 %			-230 131
<b>Netto</b>	<b>81 063</b>	<b>189 814</b>	<b>42,7 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>72 334</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	311 577	286 215	108,9 %			277 994
Inntekter:	-124 527	-97 153	128,2 %			-110 640
<b>Netto</b>	<b>187 050</b>	<b>189 062</b>	<b>98,9 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>167 355</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	2 712 807	2 571 279	105,5 %			2 453 183
Inntekter:	-414 504	-214 623	193,1 %			-359 312
<b>Netto</b>	<b>2 298 303</b>	<b>2 356 656</b>	<b>97,5 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 093 871</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-6 258 558	-5 844 667	107,1 %			-5 423 220
<b>Netto</b>	<b>-6 258 558</b>	<b>-5 844 667</b>	<b>107,1 %</b>	<b>0</b>	<b>-10 000</b>	<b>-5 423 220</b>

<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	483 491	688 417	70,2 %			162 557
Inntekter:	-33 940	-30 250	112,2 %			-27 988
<b>Netto</b>	<b>449 551</b>	<b>658 167</b>	<b>68,3 %</b>	<b>20 000</b>	<b>15 000</b>	<b>134 569</b>
<b>Kraftinntekter</b>						
Kostnader:	48 931	45 833	106,8 %			43 885
Inntekter:	-113 293	-101 750	111,3 %			-103 077
<b>Netto</b>	<b>-64 362</b>	<b>-55 917</b>	<b>115,1 %</b>	<b>-9 000</b>	<b>-9 000</b>	<b>-59 191</b>
<b>Fellesfunksjonar/lønsavsetj.</b>						
Kostnader:	181 238	927 249	19,5 %			175 220
Inntekter:	-251 604	-851 621	29,5 %			-250 715
<b>Netto</b>	<b>-70 365</b>	<b>75 629</b>	<b>-93,0 %</b>	<b>4 000</b>	<b>4 000</b>	<b>-75 495</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-1 258 749</b>			<b>0</b>	<b>-34 000</b>	<b>-1 216 822</b>

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.-22.11.2018**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2018 til orientering.